

---

**Fra:** Arnhild Kannelønning  
**Sendt:** fredag 20. desember 2019 12:16  
**Til:** Arild Saetre  
**Emne:** SV: PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar 2019, og midlar frå Hfk 2019

Hei,

Takk for tilbakemeldinga. Me innvilgar søknaden om utsetting av frist for ferdigstilling av prosjekt, og set **ny frist til 16.12.2020**. Noko tidlegare enn dykkar førespurnad om dato, då rapportering og utbetaling bør handsamast før årsskiftet 2020/2021.

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning  
Kulturkonsulent  
Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928  
E-post: [arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)



---

**Fra:** Arild Saetre <[Arild.Saetre@muho.no](mailto:Arild.Saetre@muho.no)>  
**Sendt:** onsdag 18. desember 2019 13:51  
**Til:** Arnhild Kannelønning <[arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)>  
**Emne:** Sv: PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar 2019, og midlar frå Hfk 2019

Hei!

Eg vil med dette søke om utsett frist for ferdigstilling av prosjektet Steinløe i Dalstø , Meland, Hordaland til 31/12 2020.

Grunnen til at prosjektet ikkje har kome i gang er at utførande handverkar Haakon Kvestad a/s ikkje har hatt muligheit til å prioritere dette. Eg kjenner ikkje til andre firma i området som har utstyr og kompetanse til å gjere denne jobben på ein tilfredstillande måte og på kulturminnet sine premissar. Difor har vi venta på at dei skal prioritere dette.

Mvh Arild Sætre

---

**Frå:** Arnhild Kannelønning <[arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)>  
**Sendt:** tysdag 17. desember 2019 14:12  
**Til:** Arild Saetre <[Arild.Saetre@muho.no](mailto:Arild.Saetre@muho.no)>  
**Emne:** PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar 2019, og midlar frå Hfk 2019

Hei,

Viser til tidlegare tilsendt skriv *Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019* (vedlagt): Oppgjeven frist for rapportering gjeldande tilskot til forsamlingshus, kulturminnevern og leikeplassar var 15. november 2019. Me kan ikkje sjå å ha motteke rapportering frå dykk. Jmf. pkt. 1 h i *Retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune* (vedlagt), vil tilskot vil verte kravd tilbakebetalt dersom ikkje grunnlaget for tildelinga lenger er til stades, dei generelle vilkåra er brotne eller tiltaket ikkje har vorte gjennomført.

Minnar også om følgjande formulering frå vedlagte e-post sendt 3.7.19 (*Oversikt, tilskot frå kommunen til steinløa i Dalstø*):

«Hordaland fylkeskommune har innvilga søknaden frå Meland kommune om stønad til steinløa i Dalstø v/Terje Marheim, og gir eit tilskot på 50.000 kr i 2019. Pengane kan utbetalast når dokumentasjon på at arbeidet er i gang vert førelagt kommunen. Vedlagt er retningsliner for tilskot til verna kulturminne, til å gjera seg kjent med.

*Kommunen skal rapportera til fylkeskommunen i 2020 og 2021. Ber difor i første omgang om å få tilsendt følgjande dokumentasjon innan 15. desember 2019:*

- › *Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.*
- › *Oversikt over kostnader og finansiering»*

Me ber dykk senda inn **rapportering snarast og innan fredag 20.12. kl. 10.00**, slik at me kan få handsama og ferdigstillta alle sakene før årsskiftet 2019/2020. På førehand takk for hjelpa!

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning

Kulturkonsulent

Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928

E-post: [arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)

